



Uskedalen har fått eit nytt tilbod i føremiddag. Klokk 9 opna Martabu på Sanden sal av nysteikte og tidsriktige bakervarer. Etter ein time var den første kunden på plass. Det var ein båt-turist som sikra seg eitt omnsbaka brød og rundstykker.

Og apropos tidsriktige: Varene er tildels slike som vart selde for rundt rekna 50 år sidan, rundt den tida då Marta takka for seg bak disken på Sanden.

Dei blir henta som halvfabrikata frå eitt bakeri i Oslo som har spesialisert seg på slik produksjon. Baguettar, eitt produkt som vel knapt var kjend på den norske marknaden for eit halvsekel sidan, inngår og i tilbodet.

Men det stoppar ikkje der: Morten og Emilie Nilsen (ho er forresten 16 år i dag) kan også frista med varm eplekake og vaflar og Emilie lovar også prinsessekake!. Martabu er opne frå 9 til 17 på laurdag og sundag.

På biletet over presenterar dei nokre av produkta.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)

Sundagsopninga av Martabu vart ein stor suksess. Fleire enn 70 var innom og kjøpte nysteikt bakverk og is, fortel Morten Nilsen. Det var langt fleire enn han venta og han er svært optimistisk framfor neste sundag. Då sundagen var over, var det berre nokre få rundstykker att.

